

---

**Fra:** jnordo@broadpark.no jnordo@broadpark.no  
<jnordo@broadpark.no>  
**Sendt:** fredag 23. august 2019 11.19  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** RE: Innspel til KPA 2019-2031  
**Vedlegg:** Innspel til KPA.docx

Og her med vedlegget.

Mvh Jan N

Today, 11:17 [jnordo@broadpark.no](mailto:jnordo@broadpark.no) [jnordo@broadpark.no](mailto:jnordo@broadpark.no) <[jnordo@broadpark.no](mailto:jnordo@broadpark.no)> Wrote:  
Hei

Her kjem innspel frå Naturvernforbundet Nordhordland.

Mvh Jan Nordø  
leiar

Lindås kommune  
Plan- og miljøutvalet  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

## **Innspel til KPA 2019-2031**

Naturvernforbundet Nordhordland (NVN) har følgjande innspel:

### **Desentralisert utbyggingsmønster**

Lindås er ei vidstrakt kommune med spreidd utbyggingsmønster og til dels store avstandar. For å minimalisera klimagassutsleppa og skapa livskraftige bygder må kommunen difor tilstreba eit mest mogleg desentralisert utbyggingsmønster. Det må skje gjennom bustadbygging og naudsynte nærservicefunksjonar, t.d. barnehage, skule og fritidstilbod, og tilrettelegging for næring, m.a. eit bærekraftig og framtidretta landbruk. Lokalsentra på Lindås og Ostereidet må styrkast som tilbydarar av tenester til dei som bur i den nordre og austre delen av kommunen. Tilførselsveggar til nær- og lokalsenter må i størst mogleg grad oppgraderast og sikrast for mjuke trafikantar.

### **E 39**

Pågåande arbeid med kommunedelplan for E 39 langsmed Osterfjorden bandlegg store areal og er delvis til hinder for vidare utvikling av lokalsamfunn mellom Hjelmås og Ostereidet. Planen er initiert av Statens Vegvesen. Vegen er planlagd med fire felts motorvegstandard og fartsgrense på 100 km/t.

Traséane for E 39 har møtt stor motstand i fleire lokalsamfunn i Lindås. Vegen vil føra til uopprettelege naturinngrep, skapa fysisk barrierer mellom folk og gjennom arealbeslag og bandlegging gjera det vanskelegare å få til eit ønskt utbyggingsmønster. Vi vil minna om at Lindås langs Osterfjorden høyrer til det tettast folkesette området i Nordhordland.

NVN har gjennom innspel i planprosessen gått i mot planane om ny E 39. Vi meiner dette er eit prosjekt som kan forsvarast korkje i høve til naturinngrep, klimamål, reisetid eller trafikkgrunnlag. Dagens E 39 langsmed Osterfjorden stettar med få unntak dei behova folk i Lindås har for å koma seg raskt til Ostereidet, Knarvik og Bergen. I staden bør kommunen satsa på å rusta opp sidevegane.

Ny E 39 inngår i ein statleg reguleringsprosess. Vi meiner likevel at Lindås kommune på eit så tidleg stadium som mogleg må markera motstand mot prosjektet, t.d. gjennom å redusera bandlegginga mest mogleg i tid og i rom, men òg ved å arbeida politisk for å avgrensa dei store inngrepa vegen representerer. Det er ikkje behov for fire felts motorveg gjennom Lindås.

### **Landskapsvernområde i Fjonfjella og i Eiterdalen**

NVN er nøgd med at store delar av fjellområda i indre Lindås er avsett til omsynssone friluftsliv. I tillegg har området store landskapsverdiar og eit biologisk mangfald med mange raudlista arter. Fjonfjella er det største inngrepsfrie naturområde (INON) i Hordaland nord for Hardangerfjorden. Eiterdalen aust for Dyrkolbotn er ei urørt naturperle med rike kulturminne etter fjellgarden der. Det same gjeld området rundt den tidlegare fjellgarden Fjeldet og innover mot Kalvedalen og Stussdalen.

Gjennom føremålet LNF og omsynssone friluftsliv har framlegget til KPA signalisert at Fjonfjella har høg verdi. NVN ønskjer det same for Eiterdalen og at omsynssone kulturmiljø vert inkludert både på Fjeldet og i Eiterdalen.

Framover meiner vi at desse føremåla og omsyna bør vidareførast i landskapsvernområde både i Fjonfjella og Eiterdalen, m.a. gjennom samarbeid med Masfjorden kommune. Arbeidet inn mot Fylkesmannen, MD og departementet bør starta snarast. At området ligg innanfor føremålet til Biosfæreområde Nordhordland og at Eikefetvassdraget alt er verna, bør vera gode argument.

LNF, omsynssoner og i sær intensjonar om landskapsvern vil gjera det problematisk å opna for vindkraft i Fjonfjella og ved Dyrkolbotn. Det skadar heller ikkje.

### **Vern av strandsona**

Utbyggingar, reguleringsplanar, frådelingar og dispensasjonar har ført til at delar av Lindås kommune har like stort press på strandsona som i Oslofjorden. Det gjeld i sær innover langs Osterfjorden, men delvis også utover langs den indre farleia mot Lurefjorden. Utviklinga er bekymringsfull fordi ho uthular allemannsretten og stengjer folk flest ute frå attraktive strandområde og aktivitetar i og på sjø. Særleg illevarslande er det i hytteområde med flyttebryggjer og naust, men òg der næringsareal raserer strandareal av stor verdi, slik som på Eidsnes.

Utan å peika på konkrete areal i KPA, må Lindås kommune gjennom arealbruken og føresegnene sine syta for at strandsona i Lindås kommune i større grad vert sikra for tilgang for folk flest. Dessutan må dispensasjonspraksisen bli langt strengare enn i dag i og i samsvar med intensjonane i PBL.

Jan Nordø  
leiar  
Naturvernforbundet Nordhordland